


PRØVEFISKERESULTAT- ØVRE BESSEVATN, 17.07.96.

Omtale av vatnet:

- Vatnet er på 10 ha og ligg 1310 moh.
- Vatnet ligg vest for Bessevatnet og drenera til Bessevatnet.
- Gyte og oppvekstområda er gode.
- Vasskvaliteten er god, men kan vera utsett for sur nedbør og har låg produksjonsgrunnlag.
- Geologien i nedslagsfeltet er dominert av skifrige bergarter, fylitt.

Omtale av fisket:

- Vatnet vart fiska ei natt med 1 stk. W.Jensen prøvegarnserie.
- Samla fangst 46 fisk, største fisk 287 g, gjennomsnittsvekt 127 g.
- Gjennomsnittleg K-faktor 0,92 som indikera ein noko mager fisk.
- Andelen fisk med raud kjøtfarge var låg.
- Det var registrert ho gytefisk ned i 20 cm lengde.
- Det har ikkje vore sett ut fisk i vatnet.
- Det er ikkje garnnetter i vatnet, dvs. at det ikkje er tillete med garnfiske.
- Vatnet er ikkje prøvefiska det eg veit.
- Prosentvis fordeling av fangsten på 3 cm lengdegrupper:



Tiltak/konklusjonar:

- Vatnet har idag ei stamma med småfallen aure av dårleg kvalitet. Kjøtfargen indikera at større krepsdyr er sterkt nedbeita.
- Vatnet ligg tett til stien mellom Besså og Litlos og er eit fint lite fiskevatn. Ein betring av fiskekvaliteten vil vera med å auka interessa for fiske.
- Det ligg tilrette for kontrollert tynningsfiske gjennom notfiske eller med garn i maskestorleiken 21-28 mm.